

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

FORVALTNINGSREVISJON

SULA KOMMUNE

Barneverntenesta

NOVEMBER 2022

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samverkeføretak eigd av kommunane Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utførar rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonstenester for eigarane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund og det er avdelingskontor i Ålesund, Molde og Surnadal.

Tidlegare rapporter frå Møre og Romsdal Revisjon SA kan lastast ned på vår heimeside:

www.mrrevision.no

FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har utført denne forvaltningsrevisjonen etter vedtatt bestilling fra kontrollutvalet i Sula kommune.

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med god revisjonsskikk og Norges Kommunerevisorforbund sin standard for forvaltningsrevisjon RSK 001.

Rapporten summerer opp resultata frå Møre og Romsdal Revisjon SA si undersøking om barneverntenesta i Sula kommune. Revisjonen er utført av Anne Kristin Bryne, Kurt Anders Løvoll og Ingrid Walstad Larsen i perioden april til oktober i 2022.

Vi ønskjer å takke alle som har bidratt til denne forvaltningsrevisjonen.

Ålesund, 11.11.2022

Kurt Løvoll
Oppdragsansvarleg revisor

Ingrid Walstad Larsen
Forvaltningsrevisor

SAMANDRAG

Denne forvaltningsrevisjonen omhandlar barneverntenesta for Sula kommune, og er gjennomført etter bestilling frå kontrollutvalet. Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøkje om barn med hjelpetiltak, omsorgstiltak og ettervernstiltak blir følgt opp på ein tilstrekkeleg måte, og om enkeltvedtak er i samsvar med regelverk på området.

PROBLEMSTILLINGAR

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført på bakgrunn av to hovudproblemstillingar vedtatt av kontrollutvalet 30. mars 2022. Hovudproblemstillingane er som følger:

1. Blir barn med hjelpetiltak, omsorgstiltak og ettervernstiltak følgt opp på ein tilstrekkeleg måte?
2. Er enkeltvedtaka i regi av barnevernet i samsvar med regelverket?

I tredje og siste kapittel kommenterer vi kva barneverntenesta arbeider med i høve statsforvaltaren sitt tilsyn frå 2021.

METODE

Vi har samla inn både munnleg og skriftleg informasjon og dokumentasjon frå Sula kommune om barn blir følgt opp på ein tilstrekkeleg måte, og om sakshandsaming i barnevernet blir gjort i samsvar med regelverket. Vi har hatt intervju med tre sakshandsamingar i barneverntenesta, fagleiar og einingsleiar. Vi har hatt mappegjennomgang av 12 enkeltvedtak, samd utvalde tiltaksplanar og omsorgsplanar. Vi har gått gjennom skriftelege prosedyrar, rutinar, planar, malar, skjema og rapportar. Alle dokumenta som er gjennomgått i denne rapporten ligg i vedlegg 3. Vi har også hatt samtalar med fem brukarar av barneverntenesta.

Vi meiner at dei data som er samla inn og brukt i rapporten samla sett er pålitelege og gyldige. Dette gir eit forsvarleg grunnlag for våre vurderingar og konklusjonar.

KONKLUSJONAR

Vår konklusjon er at barneverntenesta gjer mykje bra arbeid knytt til hjelpetiltak, omsorgstiltak og ettervern. Dei tilsette er slik vi oppfattar det opptekne av barnet sitt beste i det dei gjer, og vi har inntrykk av at dei ønskjer å forbetra rutinar, internkontroll og system. Skildringane frå dei tilsette er at dei har høgt arbeidspress, og komplekse og krevjande saker. Dei har utfordringar på kapasitet, og dette går ut over dei lovpålagte oppgåvene deira. Vi registrerer også at Sula kommune har få tilsette i barneverntenesta sett i høve til andre kommunar¹.

Våre undersøkingar og vurderingar viser at kommunen ikkje oppfyller alle krava som er sett i denne forvaltningsrevisjonen. Sula kommune brukar etter vår vurdering ikkje tilstrekkeleg ressursar til kvalitetssikring knytt til oppfølging på hjelpetiltak, omsorgstiltak, ettervern og enkeltvedtak.

¹ 1 Sjå statistikk for alle kommunane i Møre og Romsdal her: [Barnevern kommunemonitor \(bufdir.no\)](#)

Vi konkluderer med at barneverntenesta ikkje alltid utarbeider ein tidsavgrensa tiltaksplan når hjelpetiltak skal vedtakast, og at dei ikkje blir evaluert regelmessig. Vi konkluderer med at det blir arbeidd kontinuerleg med å konkretisere innhaldet og malane for tiltaksplanar, men at dei ikkje har tilfredsstilande innhald.

Våre undersøkingar viser at barneverntenesta har ein klar tanke om korleis omsorgsplanane bør vere, men at dei ikkje har tilfredsstilande innhald.

Vi konkluderer med at barneverntenesta har ein godt utarbeidd skrifteleg rutine på ettervern, og det finns slik vi oppfattar det ein klar praksis når det kjem til å følgje opp ungdommane og ha dialog med dei. Vi konkluderer difor med at kommunen delvis oppfyller revisjonskriteriene innan ettervern.

Vi konkluderer med at saksbehandlinga i barneverntenesta ikkje er fullt ut tilfredsstilande. Ingen av dei 12 vedtaka vi har sett på innehold framgangsmåte ved ei eventuell klage. Alle 12 vedtaka manglar opplysningar om retten til å sjå sakens dokumenter.

Eininga seier at dei arbeider med dei punkta som kom frem i statsforvaltaren sitt tilsyn, og at dei i eigne meldingsmøter går gjennom kva som skal vere ein tydeleg hypotese, fokusområde, målsetting og kva dei ønskjer å oppnå. Dei har utarbeidd ein eigen sjekkliste for mottak av meldingar og undersøkingar for å auke internkontrollen. Leiringa fortel at dei punkta som kom opp i tilsynet er implementert og blir etterlevd blant dei tilsette.

TILRÅDINGAR

Med bakgrunn i våre funn og vurderingar rår vi til at Sula kommune vurderer å:

- Sette inn meir ressursar til internkontrollarbeidet i barneverntenesta.
 - Kvalitetssikring knytt til oppfølging på hjelpetiltak, omsorgstiltak, ettervern og enkeltvedtak.
 - Hjelpetiltak: Utarbeide tiltaksplan og evaluere tiltaksplan i tråd med regelverk, og sikre at omfang av tiltak kjem fram i alle vedtak.
 - Omsorgstiltak: Kvalitetssikre at omsorgsplanane har eit tilfredsstilande innhald.
 - Etterverntiltak: Evaluere tiltaksplan i tråd med regelverk, og sjå nærmare på om det er tilstrekkeleg tal på treffpunkt.
 - Gjere ein gjennomgang av malar for enkeltvedtak for å sikre at dei er i samsvar med forvaltningslova §§ 18 og 27 tredje ledd (framgangsmåte ved klage og rett til å sjå dokumenta i saken), og endre klageinstans til Statsforvaltar i malane.
 - Ferdigtille sjekkliste for sakshandsamarar på omsorgstiltak så raskt som mogleg.
 - Arbeide vidare med å få på plass nytt sakshandsamingssystem der ein får oppretta betre malar knytt til hjelpetiltak og omsorgstiltak.

INNHOLD

1. INNLEIING	5
1.1. Bakgrunn og bestilling.....	5
1.2. Problemstilling	5
1.3. Revisjonskriterium.....	5
1.4. Metode.....	5
1.5. Om barneverntenesta	7
1.6. Organisering i sula kommune.....	8
2. HJELPETILTAK, OMSORGSTILTAK OG ETTERVERNSTILTAK.....	10
2.1. Faktagrunnlag	10
2.2. Vurderingar	19
3. ENKELTVEDTAK.....	22
3.1. Faktagrunnlag	22
3.2. Vurderinger	24
4. OPPFØLGING AV STATSFORVALTAREN SITT TILSYN MED SULA KOMMUNE ..	25
5. KONKLUSJON OG TILRÅDINGAR.....	26
6. HØYRING.....	29
REFERANSELISTE.....	29
VEDLEGG 1: HØYRINGSSVAR	30
VEDLEGG 2: UTLEIING AV REVISJONSKRITERIUM	31
Problemstilling 1: Hjelpetiltak, omsorgstiltak og ettervern	31
Problemstilling 2: Enkeltvedtak.....	34
VEDLEGG 3: DOKUMENTANALYSE.....	35

1. INNLEIING

1.1. BAKGRUNN OG BESTILLING

Sula kontrollutval vedtok i sak PS 04/22 å bestille ei skisse for gjennomføring av forvaltningsrevisjon innan sakshandsaming i barnevernet:

Sula kontrollutval bestiller ei skisse for gjennomføring av forvaltningsrevisjon sakshandsaming barnevern i tråd med dei punkta som kjem fram i saka. Møre og Romsdal Revisjon SA skal levere skissa med tydeleg problemstilling, anslag på ressursbruk og tidsplan for gjennomføring. Denne skissa leggast fram på neste møte i Sula kontrollutval som er 30. mars 2022 og skal være grunnlaget for endelig rapport.

1.2. PROBLEMSTILLING

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført på bakgrunn av to hovedproblemstillingar vedtatt av kontrollutvalet 30. mars 2022. Hovedproblemstillingane er som følger:

1. *Blir barn med hjelpe tiltak, omsorgstiltak og ettervernstiltak følgt opp på ein tilstrekkeleg måte?*
2. *Er enkeltvedtaka i regi av barnevernet i samsvar med regelverket?*

I tredje og siste kapittel vil vi også kommentere kva barneverntenesta arbeider med i høve statsforvaltaren sitt tilsyn frå 2021.

1.3. REVISJONSKRITERIUM

Revisjonskriterium er samlebetegnelsen på de krav og forventninger som brukes i den enkelte forvaltningsrevisjon for å vurdere den reviderte virksomhet. Kriteriene holdes opp mot faktagrunnlaget, og danner basis for de analyser og vurderinger som foretas, og de konklusjoner som trekkes. Revisjonskriteriene i denne undersøkelsen er utledet frå følgjande kjelder:

- Kommunelova
- Forvaltningslova
- Barnevernlova med forskrift og rettleiarar
- Rettleiar tiltaksplanar og omsorgsplanar i barneverntenesta
- Tilstandsrapportar og årsrapportar

Revisjonskriteria er utleia i vedlegg 2.

1.4. METODE

Undersøkinga er basert på *NKRF – Kontroll og tilsyn i kommunene* (NKRF 2020) sin standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001).

Vi har henta inn data gjennom intervju, dokumentanalyse og mappegjennomgang. Ved å kombinere ulike metodar for å belyse aktuelle område kan vi få skildringar frå ulike synsvinklar. Ein slik

triangulering av kjelder, det vil seie bruk av fleire ulike metodar for å sjå nærmare på problemstillingane, vil styrke dei data som er samla inn kvaliteten til rapporten (validitet). Desse metodane for datainnhenting gir oss eit meir samansett og breiare innblikk i verkelegheita (RSK 001, Knudtzon og Amundsen 2006). Dersom inntrykket av eit område er det same ved å bruke ulike metodar, blir kvaliteten og gyldigheita til undersøkinga styrka. Vår vurdering er at vi har henta inn data i tilstrekkeleg omfang til å svare ut problemstillingane.

Vi har fått svar på alle spørsmål vi har hatt i denne forvaltningsrevisjonen.

Rapporten har vore på høyring i Sula kommune, og det vart gjennomført faktasjekk/høyringsmøte 4. november 2022. Høyringsutkast vart sendt til kommunen 7. november og vi fekk høyringssvar 10.11.2022. Høyringssvaret ligg ved rapporten i sin heilheit i vedlegg 1.

DOKUMENTANALYSE OG MAPPEGJENNOMGANG

Vi har gjort ein gjennomgang av relevante og sentrale kommunale dokument, som tilstandsrapport, oppvekstplan, budsjett- og økonomiplanar, årsmeldingar og aktuelle handlingsplanar. Vi har også sett på kommunen sine rutinar og retningslinjer, samt fått vist system for sakshandsaming.

Vi har gått gjennom 12 mapper med enkeltvedtak for å vurdere om vedtaka bygger på reglane for enkeltvedtak i barnevernet. Dette er ein stikkprøvekontroll og gjev eit innblikk i korleis sakshandsaminga er gjort i desse mappene. Vi uttalar oss om kva som er gjort i desse mappene, og ikkje korleis barnevernet har sakshandsama alle sakane sine.

INTERVJU

Det er gjort intervju av tre tilsette i tiltaksteam og omsorgsteam, einingsleiar og fagleiar. Det er skrive referat frå alle intervju som er verifisert. Vi har hatt dialog med tilsette som har ettersendt etterspurt dokumentasjon og svart på spørsmål i førebuinga av forvaltningsrevisjonen. Validiteten blir styrka ved at datamaterialet frå intervju og samtalar er faktaverifisert av alle informantane. Ei slik faktaverifisering gir mindre rom for ueinigkeit eller misforståingar kring tolking av data.

BRUKERMEDVERKNAD

Kontrollutvalet ønska å involvere brukarane i denne forvaltningsrevisjonen, og vi har difor snakka med ungdommar på ettervern og føresette til barn som har motteke hjelpetiltak.

Vi fekk ei liste over alle barn som får hjelpetiltak gjennom barneverntenesta, og plukka ut tre namn. Utvalet var tilfeldig, og namna blei vald gjennom ein tal generator. Sakshandsamar i barneverntenesta ringte dei føresette for å høyre om det var greitt at vi tok kontakt. Alle samtykka til dette. Vi snakka med to av dei føresette på telefon, og den siste svarte ikkje på SMS eller telefon. Vi valde derfor ut eit nytt namn og fekk snakka med ein annan føresett.

Ungdommen på ettervern blei vald ut i samarbeid med barneverntenesta. Vi fekk svar frå to av ungdommane. Den siste ønskja ikkje å stille til samtale. Grunna etiske omsyn er disse brukarane vald ut, og utvalet er ikkje tilfeldig.

Dei som er i kontakt med barneverntenesta er ei sårbar gruppe, og vi har derfor ikkje involvert brukarar på omsorgstiltak.

Sjølv om det er eit avgrensa utval, meiner vi likevel det var viktig å involvere brukarane si stemme i forvaltningsrevisjonen. Synspunkta frå disse kan ikkje generalisera til kva alle brukarar meiner om barneverntenesta, men det gir eit innblikk i kva dei fem vi har snakka med meiner.

AVGRENsing

Av praktiske og ressursmessige omsyn har det vært nødvendig å foreta ei avgrensing av undersøkinga. Undersøkinga omfattar ikkje barneverntenesta sine faglege og skjønnmessige vurderingar i saksbehandlinga. Undersøkinga omfattar heller ikkje barneverntenesta sin saksførebuing til fylkesnemnda for sosiale saker og saksbehandlinga i nemnda.

1.5. OM BARNEVERNTENESTA

Barneverntenesta har som sitt føremål å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid, og bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår. Barnevernet sitt arbeid har sitt heimelgrunnlag i lov om barneverntester.

Barneverntenesta skal bidra til å gi det enkelte barn gode levevilkår og moglegheit til utvikling ved råd, rettleiing og andre hjelpetiltak. Hjelpetiltak skal ha som formål å bidra til positiv endring hos barnet og/eller i familien. Barnevernet skal, når barnet på grunn av forholda i heimen eller av andre grunner har særleg behov for det, sørge for å sette i verk hjelpetiltak for barnet og familien.

Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker kan, når det er nødvendig for å sikre barn tilfredsstillande omsorg eller av andre grunner, pålegge familien å ta imot hjelpetiltak.

HJELPETILTAK

Hjelpetiltak er tiltak som blir gitt når det er behov for hjelp og støtte til å ivareta eigne barn sine omsorgsbehov. I slike tilfelle har barnevernet eit ansvar for å hjelpe familien. Barnevernet kan sette inn ulike hjelpetiltak for å auke foreldrekompetansen, kompensere for manglar når det kjem til omsorg, eller avlaste foreldra.


OMSORGSTILTAK

Når eit barn eller ein ungdom for ein kortare eller lengre periode ikkje kan bo heime kan barneverntenesta overta omsorg for barnet. Dette kan skje på frivillig basis eller det kan skje utan at foreldre er einige. Når foreldre ikkje er einige i at barna skal flyttast må saken behandlast av fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker, og det er fylkesnemnda som fattar vedtak om kva slags hjelp barnet skal ha.


ETTERVERNSTILTAK

Alle barnevernstiltak som blir gitt til unge over 18 år, kallast ettervern og er frivillige tiltak. Mange ungdommar som har vore under barnevernet si omsorg kan ha eit mindre nettverk enn ungdommar flest. Målsettinga med å gi tiltak til ungdom i barnevernet etter fylte 18 år og opp til 25 år, er at også desse ungdomane skal få nødvendig hjelpe og støtte i overgangsfasen til eit sjølvstendig tilvære som vaksen.

1.6. ORGANISERING I SULA KOMMUNE



Fagområdet Barnevern har 9.45 årsverk og er samorganisert med PPT og Helsestasjonen i Tiltakseining for barn og unge (TBU). Visjon for TBU er «Saman skal vi bidra til å gjere ein forskjell for barn, unge og familiar i Sula kommune». TBU har einingsleiar og kvart fagområde har ein fagansvarleg.



Dei 9.45 årsverk er fordelt slik:

- 1.00 fagleiar
- 1.00 merkantil
- 1.45 tiltak/familierettleiar, inkl. 0.25 ungdomsLOS
- 2.00 undersøkingsteam (gjennomføre undersøking og konkludere)
- 2.00 tiltaksteam (følge opp der det blir konkludert med tiltak i heimen, evaluere tiltak)
- 2.00 omsorgsteam (fosterheim, institusjon, ettervern)

Alle tilsette, utanom merkantil, har utdanning som barnevernspedagog/sosionom. Fleire har vidareutdanning innan områda juss, rus, rettleiing, familierettleiing, vurdering av barnets beste. Barnevernleiar har begynt på vidareutdanning frå januar 2022, og ein tilsett i tiltaksteamet har starta på vidareutdanninga «Minoritetskompetanse i barnevernet». Fire tilsette deltok på opplæring for PMTO (Parent Management Training – Oregon) rådgjevar hausten 2021.

I samband med samorganisering og etablering av TBU, kom det ei klar tilråding om at det ikkje blei samorganisering før ein hadde plan for samlokalisering. Bakgrunn for tilrådinga var at erfaring frå forsking, og dialog med andre kommunar, viste at ei samorganisering først gir ønska effekt ved ei samtidig samlokalisering. Vedtaket blei likevel å samorganisere, utan å ha ei klar plan for samlokalisering. Eininga er enda ikkje samlokalisert. Barnevern og PPT er lokalisert på rådhuset, og helsestasjonen har lokale utanfor rådhuset - i Langevåg sentrum. Einingsleiar har kontor på rådhuset.

Frå 01.10.2019 blei det etablert interkommunal barnevernvakt for Sunnmøre, med Ålesund som vertskommune. Sula kommune er ein del av dette samarbeidet. Barnevernvakta har ansvar for alle akutte hendingar som kjem til kommunen utanom ordinær arbeidstid, bortsett frå akutt plassering av barn utanfor fylket. Barnevernvakta kan motta bekymringsmeldingar frå alle, og vidaresender til kommunen. I 2021 har barnevernvakta hatt 82 førespurnader knytt til Sula.

2. HJELPETILTAK, OMSORGSTILTAK OG ETTERVERNSTILTAK

Hovudproblemstillinga i dette kapittelet er:

Blir barn med hjelpetiltak, omsorgstiltak og ettervernstiltak følgt opp på ein tilstrekkeleg måte?

Oppfølging av barn med hjelpetiltak:

- For alle barn med hjelpetiltak skal barneverntenesta utarbeide en tidsavgrensa tiltaksplan når hjelpetiltak blir vedtatt
- Tiltaksplanen skal evaluerast regelmessig
- Tiltaksplanen skal ha eit tilfredsstillande innhald

Oppfølging av barn med omsorgstiltak:

- Det skal vedtakast ein foreløpig omsorgsplan ved omsorgsovertaking
- Det skal vedtakast ein endeleg omsorgsplan seinast to år etter fylkesnemndas vedtak om omsorgsovertaking
- Omsorgsplanane skal ha eit tilfredsstillande innhald

Oppfølging av ungdom med ettervernstiltak:

- Det er klare rutinar for ettervern og ungdommen si deltaking i vedtak om ettervern.
- Det blir utarbeidd ein tiltaksplan for framtidig tiltak i god tid før ungdommen fyller 18 år.
- Tiltaksplan skal tydeleggjere kva som er ungdommens særlege behov og korleis disse skal imøtekoma.
- Tiltaksplanen skal evaluerast regelmessig.

2.1. FAKTAGRUNNLAG

ORGANISERING I BARNEVERNTENESTA

Einingsleiar på Tiltakseining for barn og unge (TBU) fortel i intervju at einingsleiaren har fast leiarmøte med fagleiarane i TBU kvar andre veke. Fagleiar tek med relevant informasjon frå dette møtet til team-møte i Barnevernstenesta.

Desse møta omhandlar mellom anna tverrfaglege spørsmål og tiltak på tvers av fagområda. Intensjon er at «barnevernssløyfa» skal henge saman. Aktuelle tema på møta er sjukefråvær, budsjett, rapporteringar, drift av gruppetilbod, felles fagutvikling og andre saker dei melder inn.

Før kvar tertialrapportering har einingsleiar møte med fagleiar, der også merkantil tilsett er med.

Rapportar for ulike kostnadskrevjande tiltak ligg tilgjengeleg for einingsleiar, noko som gir god oversikt over kostnad pr. tiltak. Barnevernet har foks på at tiltak er behovsprøvd, og ikkje blir budsjettstyrt, sjølv om ein har fokus på budsjettstyring.

Einingsleiar fortel i intervju at fagleiar er i 100 % stilling, og har bl.a. ansvaret for å gå gjennom nye meldingar kvar dag, og ta ei vurdering av om ein må gjere i akuttvurdering eller om det kan vente til neste møte i mottaksteamet. Fagleiar må jamleg bidra i aktive tiltakssaker og det gjer at den

administrative delen av stillinga blir stadig mindre, og saksmengda stadig større. Stor saksmengd fører generelt til store vanskar med å sikre god kvalitet på tiltaksarbeidet og fagleiar får ikkje stetta godt nok det ansvaret som ligg til rolla som fagleiar. Einingsleiar er bekymra for dette, og meiner det er på grensa til kva som er forsvarleg. Einingsleiar meiner at det ikkje handlar om korleis fagleiar organiserer arbeidet sitt, men det er ein konsekvens av den høge saksmengda.

BETRE TVERRFAGLEG INNSATS (BTI)

Einingsleiar opplyser at Sula nyttar BTI for rettleiing og støtte i tidleg innsats, og barnevern er ein del av dette. BTI er ein samhandlingsmodell som beskriv den samanhengande innsatsen i og mellom tenester retta mot gravide, barn, unge og familiar som det er knytt ei uro til. BTI-modellen skal bidra til tidleg innsats, samordna tenester og foreldreinvolvering.

Alle tilsette i kommunen har fått informasjon om BTI, og både leiing og ressurspersonar har fått meir inngående opplæring.

Barnevernet opplever likevel at med så stor arbeidsmengde og krevjande saksarbeid som dei har, er det lite rom for å vere offensive og synlege i barnehage og skule. Barnevernet deltar i SamBa-møter, og bidrar på den måten i det systematiske førebyggjande arbeidet i kommunen.

Einingsleiar fortel at når det kjem til samhandling i eininga, samhandlar fagområda på ulike nivå ved faste møter i leiargruppa, fagdag for alle tilsette kvart halvår, månadsbrev og samhandling i enkeltsaker. Eininga har også etablert eit tverrfagleg team for dedikerte tiltaksstillingar og for barnevern er det familierettleiar som deltar.

Dei har også fått opprette ein eige kontaktperson i NAV, som dei har faste møte med. Det er vidare utarbeide ein samarbeidsavtale med tannhelsetenesta.

KVALITETSSIKRING OG INTERNKONTROLL

I intervju fortel einingsleiar at kommunen nyttar Kvalitetssystem Risk Manager, og alle tilsette i barnevernet har fått opplæring i bruken av avvikssystemet. Dette vil truleg bidra til at det blir meldt fleire avvik i tida framover, og det vil blir brukt i det vidare forbetningsarbeidet. Rutinar ligg tilgjengeleg i Risk Manager og skal bidra til å kvalitetssikre arbeide til barnevernstenesta. Rutinar ligg også i Teams.

Det skal takast i bruk nytt kvalitetssystem frå 2023, og då vil prosedyrar og rutinar bli samla der.

Den årlege tilstandsrapporteringa for barnevernet i kommunen skal sjåast som ein viktig del av internkontrollen. For å ha kontroll og intern styring av tenesta, må ein ha oversikt over korleis tilstanden i tenesta er. I tilstandsrapporten skriv dei at «barneverntenesta har jobba med rutinar for internkontroll for å sikre god kontroll og oppfølging». Dei skriv at dei «ikkje har lovbrudd på undersøkingssaker, men at dei har store utfordringar med å få fulgt opp alle lovkrava innanfor tiltaksarbeid». Vidare står det at det er «utfordring i tenesta knytt til kapasitet på hjelpetiltak i heim, oppfølging av barn i institusjon og forsterheim, rettleiing av fosterheimar og biologiske foreldre, samt ettervern».

Fagleiar for barneverntenesta fortel i intervju at Sula kommune nyttar saksbehandlingssystemet Acos Dips. Der blir alle saker dokumentert. Det er bestemt at det skal det innførast eit nytt saksbehandlingssystem, men det er ikkje valt eit enda.

I tilstandsrapporten står det at:

Sula kommune har om lag 2 årsverk mindre enn landssnittet, per 1000 barn. Det betyr at kommunen skulle hatt 4 årsverk meir for å ha same kapasitet som landssnittet. Dette er urovekkjande når vi er klar over at Sula kommune har høgt antall sakar per sakshandsamar, avvik i oppfølging av barn med tiltak i heimen og høgare antall barn plassert utanfor heimen enn kommuner vi samanliknar oss med. Det er også alvorleg at fagleiar må fylle ein stor del av stillinga si med sakshandsaming og ikkje får sett av nok tid til å drive forsvarleg fagutvikling og internkontroll.

I statistikk frå Bufdir går det fram at Sula kommune har 3,5 stillingar i barneverntenesta med fagutdanning pr. 1000 barn 0-17 år. Dette er det lågaste talet i Møre og Romsdal².

OPPFØLGING AV BARN MED HJELPETILTAK

Barneverntenesta skal sette i verk hjelpetiltak for barnet og familien. Hjelpa kan bli gitt i form av råd og rettleiing, eventuelt i kombinasjon med andre hjelpetiltak. Tiltaksplanar er viktige virkemidlar i barneverntenesta si sakshandsaming. Dei bidrar til planlegging av verksemda ved å gje viktig informasjon om saksmengd og sakstype og synleggjer kva slags oppgåver som inngår i oppfølging og evaluering av tiltaka. Dersom saka er ny, skal undersøkinga ha ført til at behov og risiko er identifisert og beskrive (Barne- og likestillingsdepartementet 2006).

Kva Sula kommune gjer innanfor hjelpetiltak

Den nye barneversreforma gir kommunane meir ansvar på barneversområdet, og skal bidra til å styrke kommunane sitt førebyggjande arbeid og tidleg innsats i heile oppvekstsektoren. Samla sett er barneversreforma i realiteten ei oppvekstreform, kor kommunane legg til rette for tverrfagleg samhandling mellom ulike kommunale tenester og nivå. Kommunen vil utarbeide ein førebyggande plan, og kommunalsjef har utpeika ei tverrfagleg og tverrsektoriell gruppe som skal arbeide med den.

Mange barn og unge har meir enn eit tiltak frå barneverntenesta. Kvart barn skal midlertidig berre ha ein tiltaksplan. Dette inneber at samtidige tiltak skal omfattast av same plan. Tiltak som kommer til på eit seinare tidspunkt skal innarbeidast i den eksisterande tiltaksplanen og støtte opp under planens målsettingar. Tiltaka må vere "behovsstyr", det vil seie vald ut frå klienten sitt behov, heller enn "tilbodsstyr", at den er vald ut frå kva for tiltak som er lett tilgjengelege og vanlege.

Fagleiar i barneverntenesta fortel i intervju at det er 2 tilsette sakshandsamarar, og kvar av dei følgjer mange barn som har tiltak i samhøve med barneverslova. Det er varierande kor mange barn

² Sjå statistikk for alle kommunane i Møre og Romsdal her: [Barnevern_kommunemonitor \(bufdir.no\)](http://Barnevern_kommunemonitor.bufdir.no)

tiltaksteamet følger opp. Faglearen seier at det er mange saker, det kan til tider bli mykje, og er ikkje forsvarleg.

Fagleiar fortel at når ein sak går frå undersøking til tiltak, blir det fatta vedtak i undersøkingsteamet. Vedtaket blir gjennomgått med føresette i undersøkingsteamet sin sluttssamtale. Deretter blir saken gjennomgått på overføringsmøte mellom undersøkingsteamet og tiltaksteamet. Når tiltaksplan blir skriven, blir det ført inn i Acos Dips.

Statistikk hjelpetiltak

Kommunen rapporterer til Statsforvaltar som situasjonen i barnevernet to gonger i året – pr 30.06 og 31.12. Dei data som innrapporteras, blir offentlege på Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (BUF-dir) sine heimesider. Barn med evaluert tiltaksplan første halvår 2022 er 68.1%. Frå tilstandsrapport for barnevernet 2022 kan ein lese:

«Gjennom BTI kartlegging i 2019 kom det fram at samarbeidspartar ofte opplever det som vanskeleg å kome i kontakt med barnevernet, og at dei får for lite og/eller for dårlig tilbakemelding etter at dei har sendt bekymringsmelding. Dette tar barnevernet på alvor, og har lagt plan for korleis bli meir synlege, samt stramma inn rutinar for å sikre nødvendig tilbakemelding. Men, med stor arbeidsmengde og krevjande saksarbeid er det lite rom for å vere proaktive og synlege i barnehage og skule. Fagleiar barnevern har sendt informasjon til skuleleiing om at det er ønskeleg å ha faste samarbeidsmøte, og invitert seg inn på personalmøte i alle barnehagar i kommunen. Barnevernet deltar i Ressursteam ved nokre skular og i faste Sam-Ba-møter. På denne måten bidrar barnevernet i det systematiske førebyggjande arbeidet i kommunen. Dersom barneverntenesta ikkje blir styrka frå 2023 må vi revurdere innsatsen i det systematiske førebyggjande arbeidet, sjølv om det også er lovpålagt.»

Vidare kan vi lese:

«Kvaliteten på tiltaksarbeidet er framleis ikkje god nok grunna høg sakmengde for dei to sakshandsamarane i teamet. Til dømes følgjer ein ikkje lovpålagte oppgåver ved å ha gyldig vedtak og tiltaksplan til alle barn, og tiltaka blir ikkje evaluert kvartalsvis. Barn og familiar i krise må vente på tiltak og oppfølging etter avslutta undersøking, grunna kapasitetutfordringar både hos sakshandsamar og familierettleiar.».

Tal på saker innanfor hjelpetiltak understrekar dette – status i september 2022:

	2022	2021		2020		2019	
	1. halvår ³	1./2. halvår					
Antall barn mottar hjelpetiltak	56	47	58	63	64	64	69
Antall barn med tiltaksplan	22	38	52	56	64	49	63
Antall barn med tiltak meir enn 3 mnd	22	32	47	48	52	42	48
Evaluert tiltaksplan	16	23	32	29	20	17	34

³ Tal for 2.halvår 2022 er ikkje publisert under arbeidet av denne rapporten (28.10.22).

I kommunen si årsmelding for 2021, kan vi lese at barnevernet fekk 181 nye meldingar totalt i 2021, mot 158 i 2020. For 1. halvår i 2022 er det motteke 92 meldingar.

Barnevernet har hatt ei utfordring med å følgje opp alle barna godt nok, og det kjem fram i årsmeldinga for 2022 at fleire barn manglar aktiv tiltaksplan og evaluering av tiltak. I tilstandsrapport for 2022 står det at det er 56 barn som mottar hjelpetiltak, og 22 som har tiltaksplan. 16 av desse har fått den evaluert.

Andel som har hatt sin tiltaksplan evaluert indikerer om barnevernstenesta følgjer opp barn i hjelpetiltak, og regelmessig gjer ei vurdering av barnet sitt behov og om riktig tiltak blir gitt. Andel barn i hjelpetiltak med plan som blir evaluert bør dermed vere så høg som mogeleg, ettersom det er eit lovkrav.

Malar, system for sakshandsaming og innhold i tiltaksplanane

Barneverntenesta har eigen mal for tiltaksplanar. Vi er blitt opplyst om at barneverntenesta jobbar med å konkretisere tiltaksplanen meir i samarbeid med partane, for å skape større føreseieleighet, først og fremst for partane, men også for at saksbehandlar skal få jobbe på ein best mogleg måte.

Tilsett i tiltaksteamet fortel i intervju at tiltaksplanen ligg i Acos, kor det er ulike «boksar» som fyllast ut, og som blir fletta saman til endeleg rapport ved utskriving. Barnevernet skal alltid sikre barnet si stemme i sine saker, og snakkar med barnet der det er mogleg i denne tiltaksfasa. I Acos er det ikkje ei eiga «boks» for det i malen, så der må sakshandsamar huske å føre inn der det vil være naturleg. I fagsystemet er det ikkje mogleg å leggje inn støttetekst i planane som blir skrivne, og dette er noko leiinga håper vil vere annleis i det nye fagsystemet som skal innførast.

Føresette skal også involverast undervegs. Dei tilsette opplever at det ikkje alltid blir gjort på grunn av tidspress. Dersom føresette ikkje blir involvert undervegs, går dei alltid igjennom i etterkant, og føresette kan komme med innspel som gjer at tiltaksplanen må endrast.

Alle tiltak i regi av barnevernet er behovsbasert, og sakshandsamar si individuelle skjønnsmessige vurdering ligg til grunn. Dei er bevisst kostnadsperspektivet, men det er absolutt ikkje førande.

Fagleiar går gjennom evaluering av planen.

Vi har fått tilsendt ei sjekkliste for tiltaksarbeidet. Denne viser kva som skal gjerast i fasane ved ny sak, midtveg i saka og avslutninga av saka. Den spesifiserer om det er ei oppgåve for sakshandsamar eller for barnevernsleiar, og ein kan krysse av utført oppgåve på dato. Under «Utarbeide tiltaksplan saman med familien» står det kva som skal stå i tiltaksplanen:

- Kort informasjon om dagens status i saka
- Utarbeide mål for perioden
- Skrive inn aktuelle tiltak
- Presiser kva tiltaket inneholder.

Vi får opplyst at sjekklisten blir skrive ut og utført på papir per sak, og at den etter kvart skal leggjast inn i Acos og gjerast digital.

Vi har fått dømer på tiltaksplan og mal for denne, i tillegg til mal for evaluering av tiltaksplan. Ein tiltaksplan skal innehalde oversikt over barnet sine spesielle behov, korleis behovet til barnet skal bli ivaretatt og imøtekommast, kva slags hjelpetiltak og verkemiddel som er aktuelle og ein plan for oppfølginga av barnet og dei føresette. I malen vi har fått tilsendt er det lite omtalt kva ein slik plan skal innehalde. I sjekkliste for sakshandsamarar er denne meir spesifisert. Mal for evaluering av tiltak har nokon fleire overskrifter som tek føre seg evaluering av delmål, familien si vurdering og konklusjon og eventuelt nye hypotesar.

Sjølv om malane er lite skildrande, så inneholder dei døma vi har sett på tiltaksplanar bakgrunn og informasjon om status i saka, hovudmål, delmål og tiltak. Ikke alle tiltaksplanar har presistert kva tiltak som er lista opp inneholdt.

Nokre tiltak, men ikkje alle, har dokumentert evaluatingsdata.

Barneverntenesta sine skildringar om utfordringar

Tilsette fortel i intervju at tiltaksplanane skal evaluast kvar 3. månad. Ein tilsett fortel at dei ikkje alltid rekk fristen på grunn av kapasitetsutfordringar. Barnevernet har nokre saker som «lever i systemet» - og som er «arva» frå ein anna sakshandsamar. I dette arbeidet blir både føresette og barn involvert gjennom drøfting. Om barnevernet og familien er usamde, blir det skrive i eit notat i Acos. Dei konkretiserer då kva det er usemje om. I slike tilfelle blir det gjort ei dobbeltføring; det blir skrive eit notat i Acos og eit eige brev til føresette. Når det blir laga ein ny tiltaksplan, skal det gjerast eit nytt enkeltvedtak.

Ein annan tilsett fortel at i evalueringa skal både barnet, foreldra og eksterne samarbeidspartar bli høyrde. Barnevernet klarer å evaluere tiltaksplanar kvar 6. månad. Om det i evalueringa viser seg at det er behov for nye eksterne instansar i saka, blir det ikkje fatta nytt vedtak om det. Etter intensjon skulle det vore gjort, men det har ikkje dei tilsette tidsressurs til. Dette blir gjort når tidsfristen for ny tiltaksplan og vedtak er nådd. Når slike nye «sidelinjetiltak» må gjerast, blir det først tatt opp i teamet. Deretter blir drøftinga og kva ein bestemte seg for lagt inn i Acos.

I intervju fortel ein tilsett at dei tilsette får ikkje følgt opp dei lovpålagte oppgåve godt nok, på grunn av lite tid og høgt sakstrykk. Det viktigaste blir å ha fokus på ivaretaking av barna, og det klarer dei. Men dei får ikkje dokumentert det godt nok.

I tiltaksteamet arbeider det to sakshandsamar og 1.2 årsverk med familierettleiarar som jobbar med familiarar som mottar hjelpetiltak (tilstandsrapport barnevernstenesta i Sula kommune 2022). I tilstandsrapporten kan vi lese:

Sakshandsamarane har både ansvar for sjølve sakshandsaminga, og en stor del av tiltaksarbeidet. Familierettleiar jobbar etter mandat frå føresette og sakshandsamar. For 2021 blei tiltaksteamet styrka med 20% stilling. Det er ikkje mogleg å tilsette i 20 % stilling, så løysinga har over tid vore å kombinere med anna engasjement for å styrke tiltaksarbeidet. Det har vore heilt naudsynt då familierettleiar i 100 % stilling også tar på seg rettleiingsoppdrag for fosterheimar som treng rettleiing ut over det sakshandsamar i omsorgsteamet har kapasitet til å tilby. I samband med barnevernreforma blei dette ansvaret utvida og det er ikkje mogleg å løyse det med dei stillingane ein har tilgjengeleg per i dag. Barnevern har også 25% stilling

knytt til prosjekt Ungdomslos. Denne er i det daglege lokalisert ved ppt og samarbeider tett med sakshandsamarane i barnevernet i dei tilfella elevane har kontakt med barnevernet.

Fagleiar er i 100 % stilling, og har bl.a. ansvaret for å gå gjennom nye meldingar kvar dag, og ta ei vurdering av om ein må gjere i akuttvurdering eller om det kan vente til neste møte i mottaksteamet.

OPPFØLGING AV BARN MED OMSORGSTILTAK

I tilstandsrapport for 2022 kan vi lese at barneverntenesta per 30.06.22 har ein ungdom på institusjon, 15 barn i fosterheim (inkludert to ungdom over 18 år), og tre barn i beredskapsheim.

Omsorgsovertakelse, fosterheim og rettleiing

Når det kjem til omsorgsovertakelse er det Fylkesnemnda som fattar vedtak om dette. Det er barneverntenesta som som skriv saksframlegg til Fylkesnemnda, og kommunen bruker mal for dette arbeidet som Ålesund kommune har laga. Dette saksframlegget blir drøfta med fagleiar for å kvalitetssikre det. Der det er behov for det, blir også advokat førespurd om bistand.

Sula kommune utarbeidar samværsplan for 1 år av gangen, og det skal vere faglege vurderingar som ligg til grunn for denne. Kommunen kan gi økt samvær til foreldre, men ikkje gå ned i samvær. Om det fagleg sett er gode grunner til det, må saken behandlast i Fylkesnemnda på nytt. Kvar familie kan ha eit vedtak men fleire tiltak. Kvart tiltak blir dokumentert i sakssystemet Acos.

Barnevernet har to tilsette i omsorgsteamet som har ansvaret for å følge opp alle barn plassert utanfor heimen, og dette inkluderer mykje reisetid til oppdrag også utanfor kommunen. Dei to tilsette har også ansvar når det blir rettslege spørsmål om tilbakeføring og spørsmål om samvær.

Ein tilsett fortel i intervju at det er kommunen som har oppfølgingsansvar av barn i fosterheim, og skal vurdere både barnets og fosterfamiliens samla behov, og sjå dette i samanheng. I tillegg skal dei følgje opp biologisk familie og deira behov for hjelp med tanke på mogleg tilbakeføring.

Fagleiar fortel at barnevernet bruker tid på kartlegge nettverk rundt barnet ved omsorgsovertaking, for å avklare om der kan vere andre som er egna til å ha omsorg for barnet. Fokus i alt arbeid omkring omsorg og samvær er «kva som vil vere barnet sitt beste». Barnevernet jobbar tett opp til biologiske foreldre med rettleiing. Fagleiar seier at dei ikkje har god nok kapasitet, og at dei her skulle ha gjort meir.

Den nye barneversreforma overfører meir ansvar på kommunen angåande rettleiing til nye fosterheimar. Den nye barneversreforma legg opp til at barneverntenesta skal gi rettleiing på oppgåva å vere fosterheim frå starten av. Det kan vere behov for økonomiske, praktiske og faglege tiltak, og behov som føreset samhandling og samarbeid med fleire sektorar og forvaltningsnivå. Sjølv om fosterheimsoppdraget er avgrensa til å gi barnet omsorg og oppfølging, har kommunen ansvar for heilskapen og skal innrette den slik at barnet sine interesser blir ivaretatt også av andre offentlege organ gjennom heile fosterheimsforløpet. Omsorgsteamet er bevisst på å jobbe etter lovverket som først og fremst omhandlar barnevernloven, men også andre lovverk og konvensjonar som Barnekonvensjonen, Haagkonvensjonen og Den europeiske menneskerettskonvensjonen.

Rettleiing av fosterheimar er oppgåver som kjem i tillegg til dei andre lovpålagte oppgåvene tilsette i omsorgsteamet har.

I Tilstandsrapport for barnevernstenesta 2021 står det følgande:

Sula barnevern er med i eit felles fosterheimsprosjekt for heile Sunnmøre, der ein jobbar med å finne gode løysningar for å gi fosterforeldre tilbod om grupperettleiing. Men den individuelle rettleiinga må kommunen sjølv stå ansvarleg for. Sula barnevern ser at fosterforeldre har behov for rettleiing for å kunne møte dei sårbare barna på ein god måte. Dette har ikkje vårt omsorgsteam kapasitet til å gi, og det er difor heilt avgjerande å få styrka omsorgsteamet med fosterheimsrettleiar.

Vi har fått tilsendt ein plan for oppfølging og rettleiing av føresette med barn i fosterheim. Denne tek føre seg skildring av situasjon, tiltak, kva som skal til for at det kan bli meir samvær, kva som skal til for at det ikkje blir meir samvær, kva som skal til for at barna kan flytte heim igjen og kva som kan føyre til at barna ikkje kan flytte heim igjen.

Omsorgsplan

Ved midlertidig omsorgsovertaking skal barnevernet skrive ein omsorgsplan innan 2 år etter vedtak i Fylkesnemnda. Ved omsorgsovertaking blir det ikkje laga eit eige vedtak i barnevernet, men barnevernet lagar omsorgsplan med utgangspunkt i vedtaket til Fylkesnemnda. Fylkesnemnda sitt vedtak omhandlar eit minimum samvær, om det skal være med eller utan tilsyn og kven omsorgsovertakelsen går til (i dette tilfellet Sula kommune).

Det blir ifølgje fagleiar lagd ein førebels plan som blir endra til ein omsorgsplan når den er ferdig utarbeidd.

Tilsett i omsorgsteam fortel i intervju at ei omsorgsovertaking er i utgangspunktet meint å vere midlertidig, og barnevernet skal heile tida ha fokus på gjenforeining, i tillegg til samværsomfang.

Barnevernet skal lage langsiktige omsorgsplanar, som jamleg er i endring gjennom evalueringar. Med planen følgjer dei måla og den meiningsa som er meint som ei rettesnor i oppfølgingsarbeidet. Planen er eit levande dokument, samtidig som ein i nokon grad må ha eit meir langsiktig perspektiv. Dette fordi det i dei fleste saker handlar om reparasjonsarbeid og barnets utvikling og behov for stabilitet over tid. Planen må derfor ikkje vere for enkel, men ha tyngde inn mot tilbakeføringsspørsmålet. Planen skal ta utgangspunkt i Fylkesnemnda sitt vedtak. Omsorgsteamet har starta ein prosess kring drøfting av kva en omsorgsplan skal vere. Ein slik plan er eit levande dokument, som skal vise kva barnet treng akkurat no.

Planen må innehalde punkt som:

- Overordna målsetning
- Kva som gir barnet god utvikling og at barnet sine behov ivaretakast
- Samvær med foreldre og søsknen, eventuelt anna familie/nettverk som barnet har tilknytning til.

Omsorgsplanen leggast inn i saksbehandlingssystemet Acos. I følgje barneverntenesta fungerer ikkje systemet godt nok, og dei klarar ikkje å evaluere planen i systemet. Det må evaluerast i journalen. I følgje leiinga har det ikkje vore arbeidd godt nok med omsorgsplanane. Barneverntenesta har lagd ei

sjekkliste for barnevernsleiar og sakshandsamar for internkontroll på hjelpetiltak, og vi har fått beskjed om dette også vil kome på omsorg.

Vi har fått mal for omsorgsplan. Denne inneheld punkt om fylkesnemndas vedtak, samandrag av barneverntenesta si/ fylkesnemnda di grunngjeving av plasseringa, barnetenesta sitt mål for omsorgsvedtaket, kva slags tiltak som er sett inn, tidsperspektiv og samvær.

Vi har også fått dømer på omsorgsplan. Den eine planen seier noko om overordna målsetning, kva som gjer barnet god utvikling og at barnet sine behov skal ivaretakast, samd samvær, den andre planen vi har fått seier noko men ikkje alt som ein slik plan skal innehalde.

Barneverntenesta har også sendt oss rutine på tema for samtalar med foreldre etter plassering. Der er arbeid med omsorgsplanen eit tema til drøfting:

Arbeid med omsorgsplanen:

- *Utarbeide førebels omsorgsplan, involvere foreldre (i starten på plasseringa – sjå rutine).*
 - *Konkretisere vilkår for tilbakeføring med utgangspunkt i vedtak om omsorgsovertaking og eventuelle opplysningar som er kome til etter plassering.*
- *Evaluere førebels omsorgsplan innan to år etter plassering og utarbeide varig omsorgsplan.*
- *Gjennomgang av planen i møter med foreldra.*
 - *Endre planen dersom det skjer store endringar i barnets liv.*

Dei føresette sine tilbakemeldingar om oppfølginga

Dei tre føresette vi har snakka med fortel at barneverntenesta generelt har vore imøtekommende i kontakten dei har hatt. Dei vart tekne på alvor, og dei opplever at dei ble forstått og høyrd. Ein av dei føresette sa at det kunne opplevast som skremmande å vere i en situasjon der ein fekk hjelp hjå barneverntenesta. Det vart lagt ein plan tidleg der hen hadde blitt forklart prosessen, noko som gjorde alt enklare. Den føresette sa vidare at når det kom til å få rapport av saken, tok dette veldig lang tid, og hen kunne ønske det gjekk fortare med denne oppfølginga. Vedkommande fortalte også at barnet fekk god oppfølging, og at barneverntenesta tilnærma seg barnet på ein god og omsorgsfull måte. Barnet opplevde på den måten tryggleik og at barnet vart høyrd.

Alle dei tre vi snakka med hadde ein positiv oppleveling i møte med barneverntenesta i Sula kommune.

OPPFØLGING AV UNGDOM MED ETTERVERN

Barn og unge har rett til barnevernstiltak fram til dei fyller 25 år, men hjelpa etter fylte 18 år er frivillig og gis som ettervernstiltak.

Fagleiar fortel at Sula kommune har 11 ungdommar med ettervern⁴. Dette er et frivillig tilbod, som barnevernet startar arbeidet med frå ungdommen er ca. 17 år. Det er hovudsakeleg ungdom kommunen har omsorg for som får tilbod om dette. Ungdommen kan takke nei til vidare oppfølging. Barnevernet gir tilbod på nytt når dei er blitt 19 år. Tilbod om ettervern blir vurdert etter skjønn, og

⁴ Pr. 01.11.2022

barnevernet jobbar i nært samarbeid med andre hjelpeinstansar. Alle som takker ja til ettervern, mottar skriftleg vedtak. Sula kommune har ikkje gitt avslag til nokon som har hatt ønske om ettervern.

I Tilstandsrapport for Barnevernstenesta 2022 står det følgjande:

Oppfølging av barn som bur i fosterheimar krev mykje av omsorgsteamet, noko som gjer at kvaliteten og moglegheita til å følge opp ungdom på ettervern ikkje blir god nok. Vi har treffpunkt med ungdommane, men ikkje nok til å kunne gi forsvarleg oppfølging. Det resulterer i at fleire av dei lovpålagte oppgåvene ikkje blir gjennomført.

Vi har fått ei utfyllande skrifteleg rutine på arbeidet med ettervern. Denne seier kva hensikta er med ettervern, omfang og ansvar og kva barneverntenesta skal gjere i dette arbeidet. Vi har også fått døme på tiltaksplanar for ungdom med ettervern.

Tilbakemeldingane frå dei to ungdommane vi har snakka med er at dei opplever at barnevernstenesta er tilgjengeleg, at dei blir høyrd, at tiltaksplanen vart utarbeidd i god tid før vedkommande vart 18 år, og at den blir evaluert regelmessig.

2.2. VURDERINGAR

HJELPETILTAK

For alle barn med hjelpetiltak skal barneverntenesta utarbeide ein tidsavgrensa tiltaksplan når hjelpetiltak blir vedtatt. Tiltaksplanen skal evaluerast regelmessig, og tiltaksplanen skal ha eit tilfredsstillande innhald.

Når ein sak går frå undersøking til tiltak, blir det fatta vedtak om dette. Vedtaket blir gjennomgått med føresette i undersøkingsteamet sin sluttamtale. Deretter blir saka gjennomgått på overføringsmøte mellom undersøkingsteamet og tiltaksteamet. Barneverntenesta har ein eigen mal for tiltaksplan, og tiltaksplanar blir skrivne i Acos Dips. Fagsystemet gjer det ikkje mogleg å leggje inn støttetekst, og dette er noko leiinga håper vil vere annleis i det nye fagsystemet dei skal ta i bruk.

Dei nyttar ein sjekkliste for tiltaksarbeidet. Der står det kva som skal gjerast i ei ny sak, fram til det blir gjort vedtak og laga tiltaksplan, og til saka avsluttast. Der står det også kven som er ansvarleg for å gjere det. Etter vår vurdering er denne sjekklisten eit godt arbeidsverktøy, og at det kan gjøre det enklare for sakhandsamar og barnevernleiar å ha kontroll på at det som skal gjerast i ei sak blir gjort.

Våre undersøkingar viser at barnevernstenesta har hatt ei utfordring med å følgje opp alle barna godt nok. I tilstandsrapport barnevern for 2022 kjem det fram at:

Kvaliteten på tiltaksarbeidet er ikkje god nok grunna høg sakmengde for dei to sakhandsamarane i teamet. Til dømes følgjer ein ikkje lovpålagte oppgåver ved å ha gyldig vedtak og tiltaksplan til alle barn, og tiltaka blir heller ikkje evaluert kvartalsvis. Barn og familiar i krise må vente på tiltak og oppfølging etter avslutta undersøking, grunna kapasitetsutfordringar både hos sakhandsamar og familierettleiar.

Tilsette fortel at dei ikkje får til å følgje opp dei lovpålagte oppgåvene på ein god nok måte på grunn av lite tid og høgt sakstrykk. Dei har fokus på å ivareta borna, men dei får ikkje dokumentert det godt nok.

På bakgrunn av våre undersøkingar vurderer vi det derfor slik at kommunen ikkje oppfyller revisjonskriteria når det kjem til at barneverntenesta skal utarbeide ein tidsavgrensa tiltaksplan når hjelpetiltak blir vedtatt, og at desse skal evaluerast regelmessig.

Ut frå våre undersøkingar meiner vi at barneverntenesta kontinuerleg arbeider med å konkretisere tiltaksplanane, og dei har retningslinjer som seier noko om kva tiltaksplanane skal innehalde. Vi vurderer det likevel slik at dei malane vi har sett på tiltaksplan i Acos ikkje godt nok sikrar at tiltaksplanane har eit tilfredsstillande innhald. Eit døme på tiltaksplan viser at denne ikkje har innhald som gjer at den kan vurderast som tilfredsstillande. Eit anna døme på tiltaksplan ser vi er meir utarbeidd, men vi meiner likevel at det her er forbetringspunkt.

Dei føresette vi har snakka med som har motteke hjelpetiltak fortel at barneverntenesta generelt har vore imøtekommende, dei vart tekne på alvor, og dei opplever at dei ble forstått og høyrd. Ein føresett sa at når det kom til å få rapport av saken, tok dette veldig lang tid, og hen kunne ønske det gjekk fortare med denne oppfølginga.

OMSORGSTILTAK

Det blir ifølgje fagleiar lagd ein førebels plan som blir endra til ein omsorgsplan når den er ferdig utarbeidd.

Barnevernet skal lage langsiktige omsorgsplanar, som jamleg er i endring gjennom evalueringar. Med planen følger dei måla og den meaninga som er meint som ei rettesnor i oppfølgningsarbeidet. Planen er eit levande dokument, samtidig som ein i nokon grad må ha eit meir langsiktig perspektiv. Dette fordi det i dei fleste saker handlar om reparasjonsarbeid og barnets utvikling og behov for stabilitet over tid. Planen må derfor ikkje vere for enkel, men ha tyngde inn mot tilbakeføringsspørsmålet. Planen skal ta utgangspunkt i Fylkesnemnda sitt vedtak.

Denne planen bygger på Fylkesnemnda sitt vedtak. Tilsette ved omsorgsteamet bekreftar i intervju at planen må innehalde punkt som overordna målsetning, kva som gir barnet god utvikling, og at barnet sine behov ivaretakast. Den må også innehalde punkt om samvær med foreldre og søskjen, og eventuelt anna familie/nettverk som barnet har tilknyting til.

Slik vi vurderer det så har barneverntenesta omsorgsplanar, men dei omsorgsplanane vi har sett døme på har ikkje tilfredsstillande innhald slik det er skildra i regelverket. Leiinga seier sjølv at omsorgsplanane ikkje er gode nok, og at dette skal bli tatt tak i. Ifølgje dei tilsette er det ikkje enkelt å evaluere planen i sakhandsamssystemet, og dette gjerast i journalen.

Vi meiner det er positivt at det er sett i gang ein prosess kring drøfting om planen, og at dette arbeidet bør prioriterast.

ETTERVERN

Når det kjem til oppfølging av ungdom med ettervernstiltak viser våre undersøkingar at barneverntenesta har klare rutinar og praksis på å følgje opp ungdommar på ettervern, og at ungdommane blir involvert i dette.

Vi har fått skrifteleg rutine på arbeidet med ettervern, og vi meiner denne rutinen er eit godt utarbeidd dokument.

Det blir utarbeidd tiltaksplan før ungdommen fyller 18 år, og denne seier noko om kva behov ungdommen har og korleis dette skal imøtekommast. Vi er usikre på om tiltaksplanane i god nok grad tek føre seg det dei skal innehalde, slik som planar for hjelpetiltak og omsorgstiltak.

Undersøkinga vår viser at sakshandsamarane ikkje får følgt opp ungdom på ettervern på ein god nok måte. I tilstandsrapport for 2022 blir dette forklart med at oppfølging av barn som bur i fosterheimar krev mykje av omsorgsteamet, noko som går ut over kvaliteten til oppfølging på ettervern. Vidare står det i tilstandsrapporten at «Sakshandsamarane har treffpunkt med ungdommane, men ikkje nok til å kunne gi forsvarleg oppfølging. Det resulterer i at fleire av dei lovpålagte oppgåvane ikkje blir gjennomført».

Ungdommen vi har snakka med seier at dei opplever at barneverntenesta er tilgjengeleg for dei, at dei blir inkludert og høyrd, at dei fekk utarbeidd tiltaksplan før dei fylte 18 år og at denne vert evaluert. Vi synst det er positivt å høyre at ungdommane er fornøgde med barneverntenesta på desse områda.

3. ENKELTVEDTAK

Hovudproblemstillinga i dette kapitelet er:

Er enkeltvedtaka i regi av barnevernet i samsvar med regelverket?

- Det blir vist til reglane vedtaket bygger på.
- Innhold i reglene eller problemstillinga vedtaket bygger på er referert.
- Dei faktiske forholda som vedtaket bygger på er nemnd.
- Det er opplyst om rett til å klage, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klage.
- Det er opplyst om retten til å sjå saksdokument.
- Ut frå vedtaket kjem det fram kva som er barnet sitt synspunkt.
- Ut frå vedtaket kjem det fram korleis barnet sin mening er vektlagd.
- Ut frå vedtaket kjem det fram korleis barnet sitt beste er vurdert.

3.1. FAKTAGRUNNLAG

Barnevernstenesta har skriftlege rutinar og malar for enkeltvedtak. Desse vedtaka blir skrivne i sakshandsamarsystemet Acos. Sakshandsamar er ansvarleg for å fylle ut det som skal gjerast der. Før vedtak blir treft, blir det gjort ei vurdering av saken på eit fagmøte. Den enkelte sakshandsamar skriv vedtaket, og vedtaket blir signert av fagansvarleg.

Vi har gått gjennom 12 enkeltvedtak frå barnevernet i Sula kommune. Vi har sett på fem vedtak innanfor hjelpetiltak, fire vedtak innanfor omsorgstiltak og tre vedtak knytt til etterverntiltak.

Oppfyller vedtaket følgjande krav?	Ja	Nei
Vedtaket er grunngitt	Ja i alle 12 vedtak	
Forhold som har gjort det nødvendig å treffe vedtaket nemnast	Ja i alle 12 vedtak	
Det er vist til reglene vedtaket byggjer på	Ja i alle 12 vedtak	
Innhaldet i reglene eller problemstillinga vedtaket byggjer på er attgitt	Ja i alle 12 vedtak	
Det kjem fram av vedtaket korleis barnet sitt beste er vurdert	Ja i alle 12 vedtak	
Det kjem fram av vedtaket kva som er barnets synspunkt	<p>Hjelpetiltak: I 4 av 5 vedtak er ikkje dette gjennomført. Blir grunngitt i vedtaket (barnet for ungt, ikkje utvikla forståing, utfordringar med språk). Vedtak oppgir at dette blir vurdert ut ifrå heimebesøk og observasjonar.</p> <p>Omsorgstiltak: Fylkesnemnda har vedtatt omsorgsovertaking. Bv har ikkje innhenta barna sine synspunkt på omsorgsplanen. Dei har spesifisert at dei kan utvide samvær med føresette, men ikkje innskrenke.</p> <p>Ettervern: I alle 3 vedtaka kjem det fram at barnet sjølv har hatt ønske om oppfølging frå barnevernet etter fylte 18 år.</p>	
Dersom vedtak avvik frå barnet sitt syn i saken, blir det grunngitt		
Det kjem fram av vedtaket omfanget av tiltak	Ja - 11 vedtak	Nei – 1 vedtak I 1 av vedtaka om hjelpetiltak er det ikkje oppgitt omfang.
Det er opplyst om:	<ul style="list-style-type: none"> • Klagetilgang • Klagefrist • Klageinstans • Framgangsmåte ved klage • Retten til å sjå sakens dokument • Klagetilgang: Ja i alle 12 vedtaka • Klagefrist: Ja i alle 12 vedtaka • Klageinstans: Ja i alle 12 vedtaka (Fylkesmannen) • Framgangsmåte ved klage: Nei - ikkje i nokre av vedtaka • Retten til å sjå sakens dokument: Nei – ikkje i nokre av vedtaka 	

Tabell 1: Oversikt over kva punkt i vedtaket som sakene oppfyller og ikkje oppfyller.

Gjennomgang av vedtaka viser at alle vedtaka er grunngjevne, det er nemnt forhold som har gjort det nødvendig å treffe vedtaket, det er vist til reglene vedtaket byggjer på, vedtaka viser til innhald i regler eller problemstillingar, og det kjem frem av vedtaket korleis barnet sitt beste er vurdert.

Når det kjem til omsorgstiltak er det ikkje henta inn barna sitt synspunkt på omsorgsplanen, og barneverntenesta har ikkje henta inn barnet sin stemme ut over vedtaket frå Fylkesnemnda i dei sakene vi har sett på.

Når det kjem til ettervern står det i alle vedtaka at barnet sjølv har hatt ønske om oppfølging frå barnevernet etter fylte 18 år.

I 11 av 12 vedtak kjem det frem av vedtaket kva omfanget av tiltak er. I vedtaket der dette ikkje er omtalt er under hjelpetiltak.

Det er oppgitt klagertilgang, klagefrist og klageinstans i alle vedtaka. Det er ikkje oppgitt framgangsmåte ved klage eller retten til å sjå saka si dokument i nokon av vedtaka.

3.2. VURDERINGER

Vår undersøking viser at fleire av dei undersøkte enkeltvedtaka har manglar.

Alle 12 vedtaka manglar opplysningar om framgangsmåte ved ei eventuell klage, og om rette til å sjå dokumenta i saken. Av dei 12 undersøkte vedtaka, var det alle 12 vedtak som opplyste at klageinstans var Fylkesmannen. Det heiter no Statsforvaltar i Møre og Romsdal.

Alle dei undersøkte vedtaka viser til reglene som vedtaket bygger på.

Videre skal det gå fram av vedtaka kva som er barnet sitt synspunkt, vekta barnet si mening er tillagt og korleis barnet sitt beste er vurdert. I 4 av 5 enkeltvedtak om hjelpetiltak, viser at det er få av desse som angir kva som er barnet sitt synspunkt og korleis barnet sitt beste er vurdert. Det kjem fram i vedtak at det ikkje blir gjort av ulike omsyn som språk, barnet sin unge alder og på grunn av modenheit. Når det kjem til vedtak om omsorgstiltak, byggjer det vidare på vedtak fatta av Fylkesnemnda. Ingen av disse undersøkte vedtaka angir kva for ein vekt barnets mening er tillagt, då vedtak er fatta av andre.

I vedtaka om ettervern, har barnet sjølv uttrykt ønskje om vidare oppfølging frå tenesta etter fylte 18 år, og i alle vedtaka er omfang og innhald spesifisert.

Vår vurdering er at barneverntenesta sine enkeltvedtak ikkje fullt ut er i samsvar med regelverket.

4. OPPFØLGING AV STATSFORVALTAREN SITT TILSYN MED SULA KOMMUNE

Statsforvaltaren gjennomførte tilsyn med barnevernet si handtering av bekymringsmeldingar og gjennomføring av undersøkingar, våren 2021 (Statsforvaltaren i Møre og Romsdal 2021).

Dette konkluderte med at barnevernet hadde lovbroten innan *barnets beste vurdering*, dei påpeika også at nokon av undersøkingane blei gjort meir omfattande enn nødvendig, mens andre ikkje var godt nok undersøkt. Dei konkluderte også med at det var mangel på dokumentasjon av fortløpende arbeid med undersøkingane, samt manglar ved internkontroll.

I følgje leiinga i barneverntenesta endra og tilpassa dei praksis i vurderinga av barnets beste, formulerer meir spissa hypotese og fokusområde i kvar einskilt undersøking og har gjennomført grundig opplæring i bruk av avviksystemet. I tillegg har tenesta evaluert teaminndelinga, og dei har landa på at desse blir vidareført.

På spørsmål om korleis eininga no jobbar med dei punkta som kom fram i statsforvaltaren sitt tilsyn, seier dei at dei er meir oppteke i å få fram kva som er målet i undersøkinga dei gjer. I eigne meldingsmøter går dei gjennom kva som skal vere ein tydeleg hypotese, fokusområde og målsetting, og kva dei ønskjer å oppnå. Vi har sett rutine på dette i sakssamhandlingssystemet Teams som barnevernstenesta nyttar. Dei har utarbeida en eigen sjekkliste for mottak av meldingar og undersøkingar for å auke internkontrollen, denne har vi også fått og gått gjennom. Denne sjekklisten blir skrevet ut for kvar sak. Sjekklisten skal inn i systemet Acos og etter kvart bli digital. Leiinga seier at dei punkta som kom opp i tilsynet no er implementert og blir etterlevd bland dei tilsette.

5. KONKLUSJON OG TILRÅDINGAR

Vår konklusjon er at barneverntenesta gjer mykje bra arbeid knytt til hjelpetiltak, omsorgstiltak og ettervern. Dei tilsette er slik vi oppfattar det opptekne av barnet sitt beste i det dei gjer, og vi har inntrykk av at dei ønskjer å forbetra rutinar, internkontroll og system.

Skildringane frå dei tilsette er at dei har høgt arbeidspress, og komplekse og krevjande saker. Dei har utfordringar på kapasitet, og dette går ut over dei lovpålagede oppgåvene deira. I tilstandsrapport for 2022 står det at barneverntenesta har «*store utfordringar med å få følgt opp alle lovkrava innafor tiltaksarbeid. Det er ei utfordring i tenesta knytt til kapasitet på hjelpetiltak i heim, oppfølging av barn i institusjon og fosterheim, rettleiing av fosterheimar og biologiske foreldre samt ettervern*

Vi registrerer også at Sula kommune har få tilsette i barneverntenesta sett i høve til andre kommunar. På bufdir.no går det mellom anna fram at ingen kommunar i fylket har færre enn Sula⁵.

Våre undersøkingar og vurderingar viser at kommunen ikkje oppfyller alle krava som er sett i denne forvaltningsrevisjonen. Sula kommune brukar etter vår vurdering ikkje tilstrekkeleg ressursar til kvalitetssikring knytt til oppfølging på hjelpetiltak, omsorgstiltak, ettervern og enkeltvedtak.

Sula kommune nyttar saksbehandlingssystemet Acos Dips, og der blir alle sakene dokumentert. Det er bestemt at det skal det innførast eit nytt saksbehandlingssystem, men det er ikkje valt eit nytt system enda. Når det er på plass, ønskjer fagleiar å arbeide meir med oppdatering av prosedyrar og rutinar.

KONKLUSJON HJELPETILTAK

Vi har undersøkt om oppfølginga av barn som får hjelpetiltak er god nok. Med det legg vi i om det blir oppretta tiltaksplan, om denne har eit tilfredsstillande innhald, og at denne vert evaluert.

Vi konkluderer med at barneverntenesta ikkje alltid utarbeider ein tidsavgrensa tiltaksplan når hjelpetiltak skal vedtakast, og at dei ikkje blir evaluert regelmessig. Vi konkluderer med at det blir arbeidd kontinuerleg med å konkretisere innhaldet og malane for tiltaksplanar, men at dei ikkje har tilfredsstillande innhald. Ein forklaring på dette er i følgje leiinga sakshandsamingssystemet sine avgrensingar.

Vi meiner det er positivt at det er lagd ein sjekkliste for barnevernsleiar og sakhandsamar for internkontroll.

Dei føresette vi har snakka med som har motteke hjelpetiltak fortel at barneverntenesta generelt har vore imøtekommende, dei vart tekne på alvor, og dei opplever at dei ble forstått og høyrde. Ein føresett sa at når det kom til å få rapport av saken, tok dette veldig lang tid, og hen kunne ønske det gjekk fortare med denne oppfølginga.

⁵ Sjå statistikk for alle kommunane i Møre og Romsdal her: [Barnevern kommunemonitor \(bufdir.no\)](#)

KONKLUSJON OMSORGSTILTAK

Det skal vedtakast ein førebels omsorgsplan ved omsorgsovertaking, og ved midlertidig omsorgsovertaking skal barnevernet skrive ein omsorgsplan innan 2 år etter vedtak.

Det blir ifølgje fagleiar lagd ein førebels plan som blir endra til ein omsorgsplan når den er ferdig utarbeidd.

Våre undersøkingar viser at barneverntenesta har ein klar tanke om korleis omsorgsplanane bør vere, men at dei ikkje har tilfredsstillande innhald.

Planen skal innehalde ein overordna målsetning, kva som gir barnet god utvikling, at barnet sine behov ivaretakast, den skal seie noko om samvær mellom foreldre og søsken, og eventuelt anna familie/nettverk som barnet har tilknyting til.

Leinga seier sjølv at omsorgsplanane ikkje er gode nok, og at dette skal bli tatt tak i. Vi meiner det er positivt at det er sett i gang ein prosess kring drøfting om planen, og at dette arbeidet bør prioritertast.

Barneverntenesta har utarbeidd ei sjekkliste for barneversleiar og sakshandsamar for internkontroll på hjelpetiltak, og vi har fått beskjed om dette også vil kome på omsorg. Dette meiner vi er positivt og bør kome på plass snarast råd.

KONKLUSJON ETTERVERN

For ungdom med ettervernstiltak har vi sett på om det er klare rutinar for dette, om det blir oppretta tiltaksplanar, og om dei blir evaluert.

Vi konkluderer med at barneverntenesta har ein godt utarbeidd skrifteleg rutine på ettervern, og det finns slik vi oppfattar det ein klar praksis når det kjem til å følgje opp ungdommane og ha dialog med dei.

I tilstandsrapport for 2022 står det at saksbehandlarar ikkje får følgt opp ungdom på ettervern på ein god nok måte, og at dei lovpålagte oppgåvene ikkje blir gjennomført.

Dei ungdommane vi har snakka med har gode tilbakemeldingar om barneverntenesta.

Vi konkluderer difor med at kommunen delvis oppfyller revisjonskriteriene innan ettervern.

KONKLUSJON ENKELTVEDTAK

Vi konkluderer med at saksbehandlinga i barneverntenesta ikkje er fullt ut tilfredsstillande.

Ifølgje forvaltningslova, skal alle enkeltvedtak innehalde opplysningar om klageadgang, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klage. Ingen av dei 12 vedtaka vi har sett på inneheld framgangsmåte ved ei eventuell klage.

Eit enkeltvedtak skal gi opplysningar om retten til å sjå dokument som høyre til saka. Alle 12 vedtaka manglar opplysningar om retten til å sjå sakens dokumenter.

I intervju har informantane opplyst om at dei har malar for enkeltvedtak. Vi rår til at det blir gjort ein gjennomgang av desse for å sikre at dei er i samsvar med forvaltningslova §§ 18 og 27 tredje ledd.

Vi vil også berre peike på at ein bør oppdatere malar der det står «Fylkesmann» til «Statsforvaltar».

KONKLUSJON ARBEID MED TILSYN

Eininga seier at dei arbeider med dei punkta som kom frem i statsforvartaren sitt tilsyn, og at dei i eigne meldingsmøter går gjennom kva som skal vere ein tydeleg hypotese, fokusområde, målsetting og kva dei ønskjer å oppnå. Dei har utarbeidd ein eigen sjekkliste for mottak av meldingar og undersøkingar for å auke internkontrollen. Leiringa fortel at dei punkta som kom opp i tilsynet er implementert og blir etterlevd blant dei tilsette.

TILRÅDINGAR

Med bakgrunn i våre funn og vurderingar rår vi til at Sula kommune vurderer å:

- Sette inn meir ressursar til internkontrollarbeidet i barneverntenesta.
 - Kvalitetssikring knytt til oppfølging på hjelpetiltak, omsorgstiltak, ettervern og enkeltvedtak.
 - Hjelpetiltak: Utarbeide tiltaksplan og evaluere tiltaksplan i tråd med regelverk, og sikre at omfang av tiltak kjem fram i alle vedtak.
 - Omsorgstiltak: Kvalitetssikre at omsorgsplanane har eit tilfredsstillande innhald.
 - Etterverntiltak: Evaluere tiltaksplan i tråd med regelverk, og sjå nærmere på om det er tilstrekkeleg tal på treffpunkt.
 - Gjere ein gjennomgang av malar for enkeltvedtak for å sikre at dei er i samsvar med forvaltningslova §§ 18 og 27 tredje ledd (framgangsmåte ved klage og rett til å sjå dokumenta i saken), og endre klageinstans til Statsforvaltar i malane.
 - Ferdigtille sjekkliste for sakshandsamarar på omsorgstiltak så raskt som mogleg.
 - Arbeide vidare med å få på plass nytt sakhandsamingssystem der ein får oppretta betre malar knytt til hjelpetiltak og omsorgstiltak.

6. HØYRING

Eit rapportutkast ble sendt på høyring til kommunedirektøren i Sula kommune 07.11.2022. Vi fekk eit høyringsbrev 10.11.2022, som ligg vedlagt rapporten i vedlegg 1.

REFERANSELISTE

Barne- og likestillingsdepartementet (2006). *Tiltaksplaner og omsorgsplaner i barneverntjenesten – en veileder*. Henta frå: [Innmat-Q-1104.qxd \(regjeringen.no\)](https://innmat.Q-1104.qxd (regjeringen.no)) [lesedato: 12.09.2022].

BUF-dir sin statistikk for Sula kommune for 2021:

https://bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Barnevern_kommunemonitor#/1531

Knudtzon, Lillin Cathrine og Kristin Amundsen (2006). «Verktøy for design av forvaltningsrevisjonsprosjekter». Riksrevisjonen. Hentet frå: [Verktøy for design av forvaltningsrevisjonsprosjekter - PDF Gratis nedlasting \(docplayer.me\)](https://www.docplayer.me/1531-Verktøy-for-design-av-forvaltningsrevisjonsprosjekter-PDF-Gratis-nedlasting.html) [lesedato: 20.10.22].

NKRF (2020). Standard for forvaltningsrevisjon [RSK 001 \(nkrf.no\)](https://nkrf.no/RSK-001) [lesedato: 20.10.22].

Statforvaltaren i Møre og Romsdal (2021). Rapport frå tilsyn. Henta frå: [Rapport frå tilsyn med Sula kommune sitt arbeid med undersøkingar i barnevernet 2021 | Helsetilsynet](https://helsetilsynet.no/Rapport-fr%C3%A5-tilsyn-med-Sula-kommune-sitt-arbeid-med-unders%C3%B8kingar-i-barnevernet-2021-Helsetilsynet) [lesedato: 23.08.2022].

VEDLEGG 1: HØYRINGSSVAR



SULA KOMMUNE
Kommunalsjef kultur og oppvekst

Møre Og Romsdal Revisjon Sa
Astrups gate 9
6509 Kristiansund N

***Unntatt offentlighet
Opplysningar som er underlagde teieplikt***

Vår ref.:
22/28182

Saksbeh.:
HP

Ark.:
K1-200, K3-&14

Dykkar ref.:

Dato:
10.11.2022

Forvaltningsrevisjon barnevern - Svar frå Sula kommune

Sula kommune tek rapporten frå forvaltningsrevisjon barnevern til etterretning.

Med helsing

Hildegunn Pedersen
Kommunalsjef kultur og oppvekst

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Adresse:
Postboks 280
6039 LANGEVÅG

Teléfono:
Sentralbord: 70 19 91 00
Saksbeh.: 70 19 87 00

E-post:
post@sula.kommune.no
Web:
www.sula.kommune.no

Bankgiro:
4212.23.28079
Skattekonto:
6345 06 15317

Foretaknr.:
964 980 543

VEDLEGG 2: UTLEIING AV REVISJONSKRITERIUM

Revisjonskriterium er krav eller forventninger som vi vurderer funna i undersøkinga opp mot. Revisjonskriterium skal vere grunngjevne i, eller greidd ut frå autoritative kjelder innan det reviderte området, som til dømes lover, føreskrifter, politiske vedtak, retningslinjer, mål, føringar med meir. I dette prosjektet har det vore naturleg å leggje følgjande hovudkjelder til grunn for å kunne utleie revisjonskriterium:

- Kommunelova (§25-1)
- Forvaltningslova (§11a)
- Barnevernloven med forskrift og rettleiarar
- Rettleiar tiltaksplanar og omsorgsplanar i barneverntenesta
- Tilstandsrapportar og årsrapportar

PROBLEMSTILLING 1: HJELPETILTAK, OMSORGSTILTAK OG ETTERVERN

Blir barn med hjelpetiltak, omsorgstiltak og ettervernstiltak følgt opp på ein tilstrekkeleg måte?

Når barnet på grunn av forhold i heimen eller av andre grunner har et særleg behov for det, skal barneverntenesta sørge for å sette i verk hjelpetiltak for barnet og familien, jf. bvl. § 4-4 annet ledd. Barnevernloven kapittel 4 regulerer særlege tiltak som barneverntenesta kan iverksette med sikte på å gjere situasjonen betre for det enkelte barn.

Problemstillinga gjeld barneverntenesta si oppfølging av barn med tiltak. Med tiltak meiner ein her både hjelpetiltak (bvl. § 4-4) og omsorgstiltak (bvl. § 4-12). Oppfølging og tilsyn med barn i fosterheim er regulert i egen forskrift om fosterheim med heimel i bvl. § 4-22 fjerde ledd.

Barnevernloven opererer med to ulike omgrep for planar; tiltaksplanar og omsorgsplanar. I det følgande behandlast disse kvar for seg fordi planane har ulike formål og ulike funksjoner.

Når eit barn blir tatt under omsorg av barnevernet, krev barnevernlova at barnevernstenesta utarbeidar følgjande planer for barnet:

- tiltaksplan
- foreløpig omsorgsplan
- endeleg omsorgsplan

Alle planane skal lages og evaluerast i tett samarbeid med barnet og barnets omsorgspersonar. (Barnevernloven § 4-5).

HJELPETILTAK OG TILTAKSPLANER

Barneverntenesta skal utarbeide en tidsavgrensa tiltaksplan når hjelpetiltak blir vedtatt, jf. bvl. § 4-5. Barneverntenesta skal følge nøye med på korleis det går med barnet og dei føresette. Det skal vurderast om hjelpen er tenleg eller om det er nødvendig med andre tiltak eller grunnlag for omsorgsovertaking. Tiltaksplanen skal evaluerast regelmessig. Et viktig formål med planen er å sikre barneverntenesta si oppfølging av dei hjelpetiltak som er iverksett.

Ifølge Barne- og likestillingsdepartementets rettleiar «Tiltaksplanar og omsorgsplanar i barneverntenesta» skal tiltaksplanen føreligge samtidig som vedtaket, og det bør komme frem av vedtaket at tiltaksplan er utarbeidd.

Nokre barn har fleire tiltak frå barneverntenesta. Kvart barn skal midlertidig berre ha ein tiltaksplan. Dette inneberer at alle tiltaka skal omfattast av den same tiltaksplanen. Tiltak som kjem til på eit seinare tidspunkt skal innarbeidast i den eksisterande tiltaksplanen og støtte opp under planen si målsettingar. Tiltaksplanen skal tydeleggjere kva som er barnets særlege behov og korleis disse behova skal bli imøtekommne – sjå rettleiar «*Tiltaksplaner og omsorgsplaner*» s 8 og 10.

Rettleiaren om tiltaksplanar og omsorgsplanar skal vere eit praktisk hjelpeverktøy som barneverntenesta kan nyte seg av i sitt daglege arbeid. I rettleiaren presenterast ein struktur for tiltaksplanar med ein oversikt over de grunnleggande elementa som samla utgjer planen – frå rettleiar s. 13. Disse grunnleggande elementa er følgande:

- *Situasjonsbeskrivelse*
- *Målbeskrivelse*
- *Tiltaksbeskrivelse*
- *Tidsperspektiv*
- *Evaluering*

På bakgrunn av dette har vi utarbeidd følgjande revisjonskriterier:

- For alle barn med hjelpetiltak skal barneverntenesta utarbeide en tidsavgrensa tiltaksplan når hjelpetiltak blir vedtatt
- Tiltaksplanen skal evaluerast regelmessig
- Tiltaksplanen skal ha eit tilfredsstillande innhald

OMSORGSTILTAK OG OMSORGSPLANER

Dersom det er nødvendig ut frå den situasjonen barnet finn seg i kan barneverntenesta overta omsorga for barnet, og plassere barnet i fosterheim eller institusjon etter barnevernloven § 4-12. Det er fylkesnemnda som treff vedtak om omsorgsovertaking. Etter omsorgsovertakinga har barnevernet eit kontinuerleg og heilskapleg ansvar for oppfølginga av barnet, mellom anna eit ansvar for å følge utviklinga til barnet og dei føresette, jf. barnevernloven § 4-16.

Barnevernenesta plikter å utarbeide en omsorgsplan for barn under barneverntenesta si omsorg. Ifølge barnevernlova § 4-15 tredje ledd skal det allereie ved omsorgsovertakelsen bli vedtatt ein foreløpig plan for barnets omsorgssituasjon. Seinast to år etter fylkesnemnda sitt vedtak skal barneverntenesta vedta ein endeleg plan for barnet sitt framtidige omsorgssituasjon som ikkje kan bli endra utan at forutsetningane for den er falt bort. Barnevernenesta skal altså utarbeide to omsorgsplanar; ein foreløpig omsorgsplan når omsorgsovertakelsen blir vedtatt og ein endeleg omsorgsplan seinast to år etter at barnet ble tatt under omsorg.

I Barne- og likestillingsdepartementets rettleiar er omsorgsplanar omtalt slik: «*Omsorgsplanen skal formidle barneverntjenestens plan for barnets fremtid når det gjelder hvor barnet skal bo og vokse opp, og når det gjelder barnets relasjon og kontakt med sin familie. I tillegg skal omsorgsplanen*

tydeliggjøre om barnet har særlige behov som må følges opp. Omsorgsplanen, og særlig da planen for barnets fremtidige omsorgssituasjon, har et langsiktig perspektiv.» - frå rettleiar s. 31.

Omsorgsplanane sitt formål er først og fremst å avklare barneverntenesta sine intensjonar og formål med plasseringa. Dei er dermed ikkje direkte «*handlingsanvisende*» ved å konkretisere kva innsatsar som må bli sett i verk for å nå spesifikke mål, slik tiltaksplanar gjer.

På bakgrunn av dette har vi utarbeidd følgjande revisjonskriterier:

- Det skal bli vedtatt ein foreløpig omsorgsplan ved omsorgsovertaking.
- Det skal bli vedtatt ein endeleg omsorgsplan seinast to år etter fylkesnemndas vedtak om omsorgsovertaking.
- Omsorgsplanane skal ha et tilfredsstillande innhald.

ETTERVERN

Føremålet med tiltak etter fylte 18 år er å bidra til at ungdommane opplever overgangen til ein sjølvstendig vaksentilvære som trygg og føreseieleg. Overgangen til en sjølvstendig vaksentilvære er ein prosess der ungdommen skal gjerast godt forberedt på ei av dei største endringane i livet. Dette inneberer at ungdommen må gjerast godt kjent med kva som krevjast av dei etter fylte 18 år, og kven som kan gi ungdommen støtte. Barneverntenesta bør sørge for at ungdommen både gis tilstrekkeleg tid før 18-årsdagen til å tenke på kva overgangen vil medføre, og tid til å få større klarheit om sine eigne ønsker.

Det er viktig at barneverntenesta, i god tid før ungdommen fyller 18 år, informera ungdommen om moglegheitene til å oppretthalde tiltak etter fylte 18 år, og avklarar med ungdommen kva han eller hun sjølv ønsker.

Dersom barneverntenesta har overtatt omsorga for ungdommen, skal det i samarbeid med ungdommen og i god tid før han eller ho fyller 18 år, vurderast om plasseringa skal bli oppretthaldd eller om ungdommen skal få andre hjelpetiltak etter fylte 18 år. Dersom ungdommen samtykker, skal det utarbeidast ein plan for framtidige tiltak, jf. barnevernloven § 4-15 fjerde ledd. Det går fram av bestemminga at planen kan bli endra.

Barneverntenesta bør ta kontakt med ungdom som mottek etterverntiltak når de fyller 19 år for ein evaluering av tiltaket. Det må bli tatt utgangspunkt i den planen som er utarbeidd, og det må vurderast om dei tiltaka som er sett i verk er hensiktsmessige med tanke på å oppnå de målsettingane som er satt.

På bakgrunn av dette har vi utarbeidd følgjande revisjonskriterier:

- Det er klare rutinar for ettervern og ungdommen si deltaking i vedtak om ettervern.
- Det blir utarbeidd ein tiltaksplan for framtidig tiltak i god tid før ungdommen fyller 18 år.
- Tiltaksplan skal tydeleggjere kva som er ungdommens særlege behov og korleis disse skal imøtekomaast.
- Tiltaksplanen skal evaluerast regelmessig.

PROBLEMSTILLING 2: ENKELTVEDTAK

Er enkeltvedtaka i regi av barnevernet i samsvar med regelverket (Barnevernlova kapittel 6, § 6-1 til § 6-6/ Forvaltningslova kapittel 4 og kapittel 5)?

Barneverntjenesten skal begrunne vedtaket, jf. forvaltningsloven § 24 første ledd. Forvaltningsloven § 25 første ledd gir regler om hva begrunnelsen skal inneholde. Barneverntjenesten skal formulere seg slik at partene forstår hvilke vurderinger og hensyn som ligger til grunn for vedtaket. Etter forvaltningslovens § 25 tredje ledd bør de viktigste momenter i skjønnsutøvelsen nevnes. De forhold som har gjort det nødvendig å treffe vedtaket må nevnes konkret. Begrunnelsen skal vise til de faktiske forhold som vedtaket bygger på. Vedtaket må på en ryddig måte skille beskrivelser av faktum fra vurderingene til barneverntjenesten. Fremstillingen av faktum må vise at lovens vilkår for å treffe vedtak foreligger, og hvilke forhold som ligger til grunn for de skjønnsmessige vurderingene. Dersom barnet er part, skal det ved utformingen av vedtaket tas hensyn til barnets alder og mulighet til å forstå vedtaket.

Det fremgår av § 6-3a første punktum at det skal fremgå av vedtaket hva som er barnets synspunkt, og hvilken vekt barnets mening er tillagt. Det følger av annet punktum at det skal fremgå av vedtaket hvordan barnets beste er vurdert. Dersom vedtaket avviker fra hva som har vært barnets syn i saken, bør dette begrunnes.

Etter forvaltningsloven § 27 tredje ledd skal underretning om vedtak også inneholde opplysninger om klageadgang, klagefrist, klageinstans og om fremgangsmåten ved klage, samt om retten etter forvaltningsloven § 18 til å se sakens dokumenter.

På bakgrunn av dette har vi utarbeidd følgjande revisjonskriterier:

- Det blir vist til reglane vedtaket bygger på.
- Innhold i reglene eller problemstillinga vedtaket bygger på er referert.
- Dei faktiske forholda som vedtaket bygger på er nemnd.
- Det er opplyst om rett til å klage, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klage.
- Det er opplyst om retten til å sjå saksdokument.
- Ut frå vedtaket kjem det fram kva som er barnet sitt synspunkt.
- Ut frå vedtaket kjem det fram korleis barnet sin mening er veklagd.
- Ut frå vedtaket kjem det fram korleis barnet sitt beste er vurdert.

VEDLEGG 3: DOKUMENTANALYSE

Dokumentasjon som er gjennomgått i denne forvaltningsrevisjonen er:

- Årsmelding Sula kommune 2021 del 1 og 2
- Budsjett 2022-2025 og vedlegg til budsjett og økonomiplanen
- Tilsynsrapport Sula kommune – undersøkelser barnevern 2021
- Mal fremlegg Fylkesnemda – barnevern
- Organisasjonskart TBU – Sula kommune
- Organisasjonskart – administrasjonen i Sula kommune
- Tilstandsrapportar barnevern 2021 og 2022
- Fylkesstatistikk MRFK
- Statistikk, økonomi og bakgrunnsinformasjon Bufdir
- Veileder omsorgspakken
- 12 enkeltvedtak
- Rutine for oppfølging av foreldre
- Tema for samtalar med foreldre etter omsorgsovertaking
- Arbeidsplan veiledning av foreldre
- Disposisjon saksframlegg Fylkesnemda
- Plan for oppfølging og veiledning – forslag til mal med hjelpetekst
- Rutine tiltaksteam – henlegging av sak
- Rutine for barnevernsmøte
- Rutine for overføring fra undersøking til tiltak
- Rutine tiltaksteam – sakshandsamar 2
- Rutiner frå overføring av sak frå tiltak til omsorg
- Rutine ettervern
- Maler og eksempler på tiltaksplanar og omsorgsplanar i barneverntenesta
- Sjekkliste for tiltaksarbeidet
- Sjekkliste undersøkinger

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Hovedkontor: Kristiansund

Avdelingskontor: Ålesund, Molde, Surnadal

Eiere:

Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll,
Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes,
Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund.

Møre og Romsdal fylkeskommune.